

## Takk

### Ass. Fylkesmann, varaordfører....., kjære alle saman!

Eg har hatt gleda av å føra i pennen mange søknader om Kongens fortanestemedalje. Eg har gledd meg over at søknadane har ført fram og løyst ut heider til mange gode samfunnsborgarar. Eg har også sagt med glimt i auga at eg stundom har hatt ein mistanke om at sjølve søknaden gjorde sitt til at resultatet blei positivt. – Ei side ved dagens medalje er at mistanken nå er flytta til faktakorga for denne medaljen. Difor må eg først få takka dykk som tok initiativet og som gjorde denne dagen mogeleg for meg. Varm takk til Forbundsstyret som laga til denne festen vi opplever her. Takk til alle dykk som eg får dela gleda med –og ikkje minst for at de gleder dykk med meg og mine i dag. Takk for helsingar og gode ord. Eg prøver å ta det til meg – sjølv om eg treng be Gud om tilgjeving for alle positive overdrivingar – og ikkje minst for at eg trur på dykk! Varm takk til dykk alle! Det rører meg åta imot slikt som dette frå dykk som søkte, styret, medarbeidarar, kollegaer, venner og representantar for dei ulike samanhengane. Når eg høyrde ass. Fylkesmann introdusera overrekkinga på vegne av H M Kongen, følte eg at eg stod utafør meg sjølv. Eg kan berre takka!

Eg tilstår at av dei mange vanskelege avgjerer som eg har delteke i gjennom åra, var **denne avgjera** ikkje den lettaste. Eg har faktisk kjempa ein god del med å få ro for å takka ja til denne utmerkinga. Mange av dei avgjerer som eg har teke som leiar i ulike samanhengar, har komme etter mykje sjølvkritisk kamp. Det har kunna løysa ut tryggleik og ro for standpunkt, haldning og handling. I dag kjenner eg på gleda og takk, men framleis på indre spenning og uro – kvifor skulle eg få dette til skilnad frå mange andre som ikkje var på rett stad til rett tid - personar som har gjort ein framifrå innsats for samfunnet og menneske dei møtte på sin veg. Konklusjonen har likevel blitt – at dette har skjedd heilt utan om meg – etter andre si vurdering. Kongen og hans råd har teke avgjerda på eige grunnlag. Eg kan då ikkje tvila på Kongens integritet. Då kom eg til at det var rett å takka ja. Difor har eg begynt å gleda meg over dagen! Eg er djupt rørt og takksam. Men eg veit at eg deler medaljen med så mange!

Eg har mange å takka! Eg må få starta med mi kjære Anne Marie! Eg har elska henne frå før eg visste kva det var for noko! Ho har vore mi beste støtte, rådgevar og aller best: mor til våre kjære born. Eg deler medaljen gladeleg med deg. Du har ikkje minst bore baksida med at eg har vore for mykje borte frå heimen. – Takk også til våre fire born og deira familiar. Eg er takksam og stolt over å ha dykk her rundt meg i dag. Dykkar bidrag i ord og tonar rørte meg og gjer meg stolt! Så må eg få leggja til: Har eg fått vera med å forma dykk til sjølvstendige menneske, er eg fullt klar over at de også har vore med å forma meg på fleire måtar enn eg vanleg vis kan innrømme. Varm takk! I dykk alle har Gud gitt meg 18 karat gull!

Eg er glad for å ha mange av familie og nær slekt med meg i dag. Takk skal de ha for alt det har vore for meg gjennom livet. Mest av alt må eg få nemna gleda av å ha mi gamle mor med denne dagen. På eitt vis trur eg dagen er større for henne enn meg. Eg deler gleda med henne. Eg trur ikkje at dette var skrive over mi vogge eller huset på fjellgarden inne i Strandebarm der ho bar meg til verda under krigen. Eg vil alltid minnast med varm takk deg og far for alt de har gitt meg av menneskeleg og åndeleg ballast i livet. Er det nokon eg saknar i dag, er det min far og mine svigerforeldre som eg er viss på hadde vore stolte om dei hadde opplevd dette.

**Det sterkaste motivet** for å takka ja og gleda meg i dag, er at det gir meg høve til å setja fornya fokus på tema og saksfelt som har oppteke meg gjennom livet både i samfunn, kyrkje

og misjon – lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Eg står i takksemd til alle som har oppmuntra meg og støtta meg i mi teneste både i samfunn, kyrkje og misjon. Dette ytre ”kallet” har alltid vore avgjerande for meg og mi offentlege teneste. Eg har aldri forstått dei som stig fram offentleg berre med indre frimot. Difor takkar eg alle som sette fram dei opne dørene og kalla meg inn i oppgåvene.

Medaljen gjev meg fornya inspirasjon til framleis å stå på for viktige saksfelt. Tru meg. Eg kjempar med fokus på meg for min eigen del. Derimot er eg glad for fokus på meg dersom det kan brukast til å lysa opp livsviktige tema som desse (Eg nemner eit utval):

**Livet har forkjørsrett.** Fokus på menneskeverdet, det ufødde livet, og den siste livsfasen er ein livsviktig kamp. Eg er glad for at det er ei synleg stjerne i medaljen. Det kristne menneskesynet – det enkelte mennesket sin uendelege verdi – er spegelen alt og alle må testast på! For meg er det uskjønleg at menneske som talar om sosial etisk samvit kan stå for å ta livet av dei svakaste små – borna i mors liv. Dette kan vi aldri teia om!

**Mitt fulle kristennamn** – førenamn, mellomnamn og etternamn. Det er vel ingen som hugsar min første leiarartikkel som ny generalsekretær og ansvarleg redaktør i Sambåndet. Det handla om nettopp dette. Eg er ein kristen og dermed i organisk fellesskap med alle kristne verda over. Vi er Jesu kropp på jord. Det er mitt kristne slektsnamn. Men eg vedkjenner meg også mitt kristne førenamn og mellomnamn. Eg er overtydd evangelisk luthersk kristen og takksam for å tilhøyra det lutherske vekkingsfolket. Det minner meg om å vita at det aller viktigaste i kristen misjon er å hjelpa menneske til gjenfødte kristen liv, trusvisse forankra i Guds nåde i Kristus, og ikkje berre å hyllast inn i from religiøsitet. Dette å ha ei slik tydeleg overtyding har aldri isolert meg frå andre, men overtydinga har gitt meg større og større respekt for andre som har anna namn og overtyding. Eg merkar at det er menneske med vaklande overtyding som har vanskelegast for å respektera andre og møta dei med toleranse! Det fulle namnet gir meg identitet og styrke.

Eg er glad for at Kongen har vedkjent seg mitt **engasjement for Israel** og det jødiske folk. For meg er det både bibelske, politiske og folkerettslege grunnar til å stå stødig i denne kampen. Det hindrar ikkje støtte og hjelp til andre folk i området. Medaljen har gitt meg ny inspirasjon både til denne kampen for det jødiske folk, samt arbeid for internasjonal fordeling, fridom, rett og rettfærd for alle. Dette arbeidet har også for meg vore ei opna dør til ekumenisk kontakt og samarbeid med kristne og andre menneske av god vilje både nasjonalt og internasjonalt.

Eg har også fått delta i **verdiforminga av det samfunnet** vi lever i. Eg blei tidleg politisk engasjert. Dei første som ”oppdaga meg” var faktisk formannen i Arbeidarpartiet og sekretæren i Venstre på Bremnes. Det hende då eg som 15 åring blei peika ut til leiar i IOGT. At eg snart vaks bort frå deira partifold får tena til deira ros. Den som politisk imponerte meg som ungdom var utan tvil Kjell Bondevik. Eg møtte den høvdingen i Rogaland då eg gjekk på gymnaset på Bryne. Den kristne frimodige haldninga i kombinasjon med respekt for alle, imponerte meg, og forma meg. At eg seinare blei kjend med personar som Lars Korvald og Kåre Kristiansen med fleire var heller ikkje minus for min livsveg. – Kristen politisk tenking – og respekt for religion og livssyn i det offentlege rom er for meg livsviktig for eit positivt og inkluderande samfunn. Eg tek medaljen som inntekt for å halda fram med dette! Sunt bibelsk samfunnssyn er for meg vern mot blind fundamentalisme og intoleranse i toleransen sitt namn.

Eg samlar det heile i **tilliten til Bibelen** som Guds ord. Preiketeksta sist sundag frå Hebrearbreve gjev meg eit godt påskot til å understreka dette. ”*Som Den heilage Ande seier*” startar den ukjende skrivaren – når han siterer David i Salme 95. Det store skiljet i bibelsynet er etter mi vurdering skiljet i haldninga til Bibelens inspirasjon. Fornektar ein inspirasjonens **at** – ikkje inspirasjonsteoriane –, har ein ikkje lenger eit fast ankerfeste mot å skapa seg gud i mennesket sitt eige bilete i staden for at mennesket er skapt i Guds bilete og forplikta på Hans ord.

Arbeidet i Bibelselskapet og møtet med alle grupper i Kristen-Noreg har gitt meg mykje. Å få vera på innsida i arbeidet med omsetjinga av Bibelen, høyrer til mine gode gleder i livet. Eg har stor respekt for arbeidet som er gjort i den nye bibelomsetjinga – truskapen mot grunntekstane og strevet med å uttrykkja det rettast mogeleg på norsk for folk i dag, imponerte meg stort! Sjølv om dei ikkje i alt følgde mine råd – til dømes i jomfrudebatten, - er eg ikkje i tvil om å be alle kjøpa og spreia denne folkebibelen til nye generasjonar! Eg har sagt mange gonger med glimt i auga – eg tapte kampen om ”jomfrueligheten” i GT, men eg vann kampen om ”forsamlinga” i NT. Eg meiner i fullt alvor: Vi har alle med den nye Bibelen fått eit unikt høve til kristen verdiformidling rett opp i hendene! Gud gje at vi ikkje let dette høve gå oss forbi. For oss nynorskefolk er jo valet svært lett. Eg er litt stolt over at mange særleg er imponert over den utgåva! Eg er svært takksam for at Bibelselskapet sin generalsekretær kom i dag, takkar for hans gode ord, og er ekstra glad for den fine gåva eg fekk – den nye Bibelen i nynorsk utgåve!

Sjølv om denne boka kom ut etter søknaden, er eg glad for at mi siste bok til nå er ei truslære og heiter – ”**Vi tror sammen**”. Eg tek medaljen til inspirasjon om å formidla vår kristne tru til våre born og barnebarn. Å ha dei alle med på himmelvegen er den største medaljen eg har fått her på jord! Eg begynte med å takka Anne Marie! Eg sluttar også med å takka henne for at ho oppmuntra meg til å skriva nettopp denne boka. Nå vil vi saman bruka medaljen til å formidla trua vidare. Det blir vi ikkje ferdige med – så lenge det heiter dag! Takk for at de høyrde på. Takk for at de var saman med oss i dag!

Karl Johan Hallaråker  
(Tale etter mottakinga av HM Kongens fortjenestemedalje i gull, 5.november 2011.)